

Reglar for seterbebyggelse, hytter og buer i Joramo bygdealmening.

Seterbebyggelse:

Løyve til byggjing av nye seterhus kan i utgangspunktet berre gjevast dersom det er jordbruksmessig behov for det, jfr. "Reglar for seterbruk i Joramo bygdealmening".

Arealgrenser for eksisterande bebyggelse på setre som ikkje lengre blir brukt i samband med setring:

Totalareal for husvære (hus for opphald/overnatting): inntil 90 m²

Seterstugu: inntil 70 m²

Hus som blir brukt i samband med setring må kunne tilpassast behovet (tid og tilhøve).

Det kan gjevast løyve til byggjing av ny seterstugu dersom den gamle er til forfalls og restaurering er lite aktuelt. Blir det gjeve løyve til å byggje ny seterstugu, skal den gamle rivast.

Bruksending av seterhus kan tillast under føresetnad av at husa ikkje endrar karakter utvendig.

Kokhus mindre enn 20 m² kan utvidast til 20 m². Kokhus over 20 m² kan ikkje utvidast, men kan restaurerast innanfor eksisterande areal.

Ny seterbebyggelse og tilbygg til gamal seterbebyggelse skal tilpassast eksisterande seterbebyggelse.

Det er ikkje tillatt med veranda, overbygd terrasse eller flaggstong inntil seterhus.

Hytter:

Maks. areal for hytte 70 m²

Maks. areal for uthus 10 m²

Arealgrense for hytte gjeld ikkje gamle seterhus der det er oppretta festekontrakt.

Inngjerding av hytte er normalt ikkje tillatt. Flaggstong er ikkje tillatt.

Gamle buer (måsåbuer og jakt-/fiskebuer).

Buer under 15 m² kan utvidast til dette arealet. Buer over 15 m² kan ikkje utvidast, men kan restaurerast innanfor eksisterande areal. Det er tillatt med utedo.

Areal = bebygd areal (etter Norsk Standard 3940)

(Styrevedtak 15.08.2018, sak 33/2018.)